


ÅRSMELDING 2006



SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØYERE UTDANNING

Publikasjon
02/07





INNHALD

/03/ Klar for nye utfordringar

/04/ Kva skjedde i 2006?

/06/ Programdrifta

/08/ Nøkkeltal

/09/ SIUs portefølje for utviklingssamarbeid

/10/ Deltaking i EU-programma

/13/ Internasjonal profilering av Noreg som studie- og forskingsland

/13/ Kommunikasjon – ein del av kjerneverksemda

/13/ Kompetansebygging

/14/ Rådgiving, utgreiing og service

/14/ Organisasjon

På www.siu.no finn du meir informasjon om SIU og medarbeidarane våre, om program og avtalar og om kven som sit i styret til SIU og dei ulike programstyra.

Utgitt av Senter for internasjonalisering av høgere utdanning (SIU) i april 2007

ANSVARLEG REDAKTØR/ Hanne Alver Krum
REDAKSJON/ Gunn Mangerud, Hanne Alver Krum, Vidar Pedersen og Paul Manger
PRODUKSJON/ Konvoi AS
TRYKK/ Molvik Grafisk
FOTO/ David Zadig. SIDE 3 & 5/ Eivind Senneset
OPPLAG/ 1200
ISSN/ 1503-2876



SIUs leiargruppe, frå venstre: Sigurd Trageton, gruppeleiar IKT, Hanne Alver Krum, informasjonsleiar, Vidar Pedersen, leiar Gruppe for EU-program, Gunn Mangerud, direktør, Kari-Lise Reinertsen, leiar Gruppe for personal og økonomi, Paul Manger, leiar Gruppe for utviklingssamarbeid, Arne Aarseth, leiar Gruppe for internasjonale samarbeidstiltak.

Klar for nye utfordringar

For SIU var 2006 eit viktig år når det gjaldt å førebu rolla som nasjonalt programkontor for EUs nye program for livslang læring (LLP). Vi har fått ein utvida programportefølje og med dette fleire årsverk, nye kompetanseområde og nye målgrupper.

I Europa har vi i 2006 også hatt eit særleg fokus på gjensidig utveksling med Tyskland og Frankrike. Det botnar mellom anna i eit ønske om å få norske studentar ut til ikkje-engelskspråklege land i Europa og å styrke samarbeidet med land som er viktige partnerar for Noreg innanfor næringsliv, kultur og utdanning. Ei anna satsing har vore å synleggjere korleis samarbeid mellom dei nye EU-landa og Noreg er mogleg ved hjelp av EØS-midlar.

Basert på prioriteringar i forskingsmeldinga har vi arbeidd særskilt med område der bilaterale samarbeid om forskning blir etablerte, med særleg vekt på Kina og Nord-Amerika. SIU overtok i 2006 administrasjonen av utanlandslektorata frå UD, noko som gir spennande utsikter mellom anna knytt til SIUs satsing på å profilere Noreg som studie- og forskingsland.

Også i 2006 har SIU hatt eit sterkt fokus på utviklingsland. Vi har jobba målretta med å styrke og synleggjere dei komplementære aspekta i porteføljen SIU forvaltar innanfor dette området, og har styrkt SIUs kompetanse på utviklingssamarbeid. Med endå

sterkare fokus på resultat blir oppfølging av tildelingane for nye periodar i NUFU og NOMA særskilt viktige oppgåver framover.

Alt i alt var 2006 eit år med vekst i SIU. Vekst i portefølje, i tal på medarbeidarar, i kompetanse og ikkje minst i vår rolle som nasjonalt organ. Vi gler oss til eit nytt år med store oppgåver og utfordringar og er overtydde om at vi skal meistre utfordringane og vekse vidare.

GUNN MANGERUD
DIREKTØR

Kva skjedde i 2006?

Året har vore prega av stor aktivitet og store utfordringar, og SIU fekk tilført fleire nye oppgåver. Generelt ser vi eit aukande fokus på internasjonalisering, og fleire og fleire område får ein internasjonal dimensjon.

At internasjonalisering er eit satsingsområde, fekk vi òg bekrefta då kunnskapsminister Øystein Djupedal ville bli orientert om SIUs verksemd og kom på besøk 7. februar. Hans ønske var å lære og lytte, og han blei orientert av styreleiar, direktør og medlem av leiargruppa.

SIU er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet med eige styre. Det er viktig for SIU å ha nær kontakt med Kunnskapsdepartementet i tillegg til den formelle, årlege styringsdialogen. SIU skal òg vere, og bli opplevd som, ein partner og eit samarbeids- og serviceorgan for dei høgare utdanningsinstitusjonane, og vi skal ha gode samarbeidsrelasjonar til andre utdanningsnivå og myndigheiter. SIU har òg tilknytning til institusjonane ved at fire av styrerepresentantane har sitt daglege virke på ulike lærestader. Basert på den strategien som styret utarbeidde i 2005, er arbeidet følgd opp gjennom ein eigen verksemdsplan for 2006. I denne er det sett konkrete mål og delmål for kvart av dei fem hovudområda programforvaltning, profilering, informasjon og kommunikasjon, kompetansebygging og rådgiving. Med utgangspunkt i dei økonomiske realitetane i budsjettet har styret jamleg hatt grundige diskusjonar om kva tiltak som kunne bli gitt prioritet. Styret har i 2006 hatt fem styremøte og eit styreseminar.

EUs program for livslang læring (LLP)

SIU har fått det nasjonale ansvaret for EUs program for livslang læring (LLP) som skal setjast i verk frå 2007. Det nye programmet integrerer Sokrates og Leonardo da Vinci, som skal utviklast vidare innanfor den nye ramma. Mobilitet står heilt sentralt, men det er eit uttrykt mål å fokusere på livslang læring, og ein ønsker også å legge vekt på samarbeid mellom utdanningsnivåa. Frå EUs side er det eit ønske om at det nye programmet skal bidra i Lisboa-prosessen. SIU har lang erfaring i å administrere Sokrates, men får no i tillegg ansvaret for Leonardo da Vinci, som det så langt er Teknologisk institutt som har administrert. Det er alltid krevande å overta eit program som er i drift. SIU har her teke grep og lagt ned eit omfattande administrativt arbeid for å sikre ei god utvikling og framtid for dette programmet.

EØS

EØS-finansieringsordningane blei oppretta då EØS blei utvida med ti nye land i mai 2004: Polen, Ungarn, Tsjekkia, Slovakia, Litauen, Latvia, Estland, Slovenia, Kypros og Malta.

Noreg har forplikta seg til å bidra med betydelege midlar i perioden 2004–2009, og stipendfonda som er sette av for høgare utdanning, utgjer ca. NOK 230 millionar. Endå det enkelte mottakarlandet sjølv rår over midlane, er det viktig for norske styresmakter å synleggjere mot norske høgare utdanningsinstitusjonar høvet til samarbeid og mobilitet. SIU er tildelt oppgåva som nasjonalt

kontaktpunkt i Noreg og er i den eigenskap diskusjonspartner for mottakarlanda i tillegg til at vi skal informere norske aktørar.

Landområde

Styret har sett det som viktig å ha ei langvarig satsing mot Tyskland og Frankrike, mellom anna med bakgrunn i Europa-politikken og eit politisk ønske om større satsing mot ikkje-engelskspråklege land. SIU har i 2006 arrangert kontaktseminar i Paris og vore med på studiemesse i Berlin.

Stadig fleire kinesiske studentar i Noreg og sterk vektlegging av høgare utdanning i Kina har gjort at SIU har halde fram med arbeidet mot Kina og mellom anna besøkt kinesiske styresmakter og institusjonar. SIU har i forståing med departementet gitt Nord-Amerika-satsinga prioritet gjennom innspel og deltaking i utgreiingar. Det har òg blitt gjennomført eit kontaktseminar i Canada saman med ambassaden i Ottawa. SIU har i tillegg delteke med innlegg på forskingsdagane som ambassaden i Washington DC arrangerer.

SIU opplever eit stadig trykk på at ein burde arbeide mot fleire land og område, som India, Japan og Sør-Amerika. Sjølv om ein freistar å vere så godt orientert som mogleg, er dette eit spørsmål om ressursar, og innsatsen må prioriterast i samråd med departementet. Samstundes er det viktig å vere lydhør overfor ønska og behova til institusjonane.

Program

Europa-programma er ein viktig del av SIUs arbeid, og dei har alle hatt stor aktivitet i 2006. Særleg gledeleg er det at samarbeidsprogrammet for europeiske institusjonar på masternivå, Erasmus Mundus, er blitt ein suksess, og heile åtte norske institusjonar kan no tilby slike mastergradar.

Året 2006 var viktig for program retta mot utviklingsland. Med Norad er det forhandla fram ny avtale for NUFU og like eins avtale om programmet NOMA (Norad's programme for master studies), som etterfølgjer det tidlegare Norads stipendprogram. Begge programma går i fem år (2007–2011) og utgjer kjernen i norsk samarbeid med utviklingsland innanfor høgare utdanning og forskning. Styret har i perioden oppnemnt nye programstyre for desse programma. Også dei andre samarbeidsprogramma mot land i Sør har hatt høg aktivitet og ei god utvikling i 2006.

Frå og med 1. januar tok SIU over administrasjonen av noresk-kunnskap ved høgare lærestader i utlandet. Dette gir også SIU tilgang til eit verdifullt nettverk som kan nyttast til informasjon og formidling.



Bakereste rekke, frå venstre: Kristin Hauge, Norad (observatør), Ole Eriksen, Nettverket for private høgskoler (vara og observatør), Gunnar Breivik, UHR (styremedlem), Paul Manger, SIU (styremedlem), Olav Øye, Studentenes Landsforbund (varamedlem), Ole-Jacob Skodvin, Kunnskapsdepartementet (observatør), Irene Dahl Andersen, UHR (styremedlem). Midten, frå venstre: Marit Selvik Kallekleiv, SIU (styresekretær), Ingvild Broch, UHR (observatør), Heléné Ullerø, UHR (styremedlem). Foran: Gunn Mangerud, direktør i SIU og Knut Brautaset, styreleiar. Nestleiar i styret, Ann Kristin Norum, Nettverket for private høgskoler og styremedlem Kim Størksen, studentorganisasjonane, var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Meir detaljert informasjon om dei enkelte programma finst i programoversikta lenger bak i årsmeldinga.

Annann aktivitet

Profilen "Look up – Study in Norway" er gjord kjend og presentert for mange institusjonar og like eins for Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet. Norsk høgare utdanning og forskning er presentert på messer i både Europa og USA, og fleire publikasjonar er utarbeidde og distribuerte.

"Global Knowledge" kom ut med to nummer også i 2006; bladet er blitt ein viktig dokumentasjon på verdien av utdannings- og forskingssamarbeid på tvers av landegrenser.

SIU som kompetanseorgan vinn tillit. SIU blir i aukande grad brukt til å gjere greie for nye tiltak innanfor internasjonalisering, og det kjem stadig fleire oppmodingar om å bidra med ulike innspel.

SIU har også i 2006 oppsøkt norske institusjonar og orientert og gitt råd om internasjonalisering. Ein må no kunne gå ut frå at internasjonalisering, som ein viktig del av kvalitetsreforma, har fått solid fotfeste i alle institusjonane. Framover vil det vere meir naturleg å konsentrere satsinga på samlingar og erfaringsseminar om aktuelle tema.

Organisasjon

SIUs administrasjon har no i Vaskerelven 39 i Bergen sentrum svært gode og tidsmessige kontor.

Som organisasjon har SIU også i 2006 hatt sterk vekst, og i løpet av året har det systematisk blitt arrangert interne seminar for å styrke både kompetansen og lagkjensla. Eit nytt programadministrativt system blei innført for å betre effektiviteten og lette arkiveringa. På økonomisida har ein i løpet av året gått over frå brutto- til nettobudsjettering, noko som er ei arbeidskrevjande omlegging, særleg når ho skal skje parallelt med den daglege drifta. I møtet som styret hadde med representantar for Riksrevisjonen, fekk SIU gode skussmål.

SIU er ein del av Grønn stat og jobbar for å innfri ønskte miljømål.

ANN KRISTIN NORUM, GUNNAR BREIVIK, IRENE DAHL ANDERSEN, HELÉNÉ ULLERØ, KIM STØRKSEN, PAUL MANGER

KNUT BRAUTASET
STYRELEIAR



Programdrifta

Programdrift er utan samanlikning den største enkeltoppgåva i SIU og programportefølja er omfattande.

Arion

I 2006 fekk 31 spesialistar og avgjerdstakarar på utdanningsområdet stipend for å dra på studiebesøk til eit anna europeisk land. Same året blei det arrangert to studiebesøk i Noreg for utanlandske deltakarar.

Comenius

I 2006 handsama SIU 498 søknader om midlar gjennom Comenius, både prosjektsøknader og individuelle søknader. Alt i alt har om lag 1400 norske barnehagar og skular vore involverte i Comenius-prosjekt sidan 1995. Comenius-prisen 2006 blei tildelt Eidsvåg skole i Bergen for deira prosjekt "Dis-moi ce que tu manges, et je te dirai qui tu es".

e-læringsprogrammet

SIU har i meldingsåret arbeidd mykje for å auke kjennskapen til programmet og få opp talet på norske søkarar. Resultatet var åtte norske partnerar blant dei 151 søknadene våren 2006. I skrivande stund er det endelege resultatet ikkje kjent. Programmet blir frå 1. januar 2007 integrert i LLP som eit av dei tverrgåande tiltaka.

Erasmus

1412 studentar nytta seg av høvet til å ta delar av studiet sitt i Europa, eit positivt hopp på 10 prosent. Med 308 lærarar auka Erasmus-mobiliteten for denne gruppa med 4 prosent. Auka bruk av Erasmus-samarbeidspartnerar til studieopphald i utlandet og tendensar til trendendringar i val av studieland gjer at Europa og programmet truleg kan gå framtida lyst i møte.

Erasmus Link

Erasmus Link er programmet for samarbeid med kandidatlanda til EU innanfor høgare utdanning. Interessa for programmet er framleis stor, og SIU mottok søknader for nær fem gonger så mykje som det fanst tilgjengelege midlar. I alt blei det tildelt midlar til 253

studentmånader (ca. 50 studentstipend) og 79 lærarveker. I tillegg fekk ein søknad om intensivkurs støtte. Tyrkia er det desidert største samarbeidslandet. Erasmus Link blei avslutta i 2006.

Erasmus Mundus

23 nye masterprogram blei godkjende i Erasmus Mundus i 2006. Noreg er med i fem av dei, slik at vi til saman deltek i elleve konsortium. I alt åtte norske institusjonar er med å tilby Erasmus Mundus-gradar. I aksjon fire blei ingen norske søknader godkjende i denne omgang, men deltakinga er framleis høg med fire pågåande prosjekt.

EØS-stipendfond

SIU er nasjonalt kontaktpunkt for stipendfond finansierte gjennom EØS-midlane. Ordninga omfattar elleve land og ca. 230 millionar stønads kroner som skal fordelast over fem år. Tsjekkia var det einaste landet der stipendfondet var i drift i 2006. Ungarn fekk i 2006 godkjent sin søknad, medan Portugal og Slovakia begge leverte søknader om godkjenning av stipendfond. SIU har utvikla ein partnersøkdatabse for EØS-stipendfonda.

Frankrike-programmet

Universitetet i Caen og partnerinstitusjonane i Noreg inngjekk i 2006 ein ny avtale om samarbeid med Fransk-norsk senter i Caen (OFNEC) samstundes som SIU fekk sin eigen avtale med dei norske institusjonane. OFNEC har ymse tilbod innanfor fransk til studentar frå Noreg.

Toulouse-programma tok opp berre 12 studentar på økonomi- og 13 på sivilingeniørutdanninga i 2006, desse tala er ikkje tilfredsstillande.

Grundtvig

Stadig fleire som arbeider med vaksnes læring, kjenner til Grundtvig-programmet og tek det i bruk. Størst interesse er det for læringspartnerarskapa. I 2006 handsama vi 56 søknader, og 44 norske institusjonar er no i gang med slike samarbeidsprosjekt. I november 2006 arrangerte SIU, i samarbeid med VOX og Voksenopplæringsforbundet, konferansen "Læring over grenser – Vaksnes læring mellom nasjonal politikk og europeiske føringar".

Kvotordninga

I 2006 fekk 1100 studentar frå utviklingsland, Aust-Europa og Sentral-Asia tilbod om gradstudium gjennom kvotordninga. SIU innførte i meldingsåret elektronisk rapportering frå institusjonane for å oppnå ei betre evaluering av ordninga og få eit betre grunnlag for tildeling av nye kvoteplassar i neste periode.

Lærarutdanningsprogrammet Sør-Nord

I januar 2006 blei det løyvd midlar til åtte samarbeidsprosjekt for perioden 2006-2007 for pilotfasen av Lærarutdanningsprogrammet Sør-Nord. I samarbeid med Nasjonalt råd for lærerutdanning (NRLU) under UHR oppretta SIU eit fagleg utval til hjelp i søknadsvurderinga. Utvalet la fram si tilråding til SIU, og på grunnlag av dette gjorde Norad og SIU dei endelege vedtaka om tildeling av midlar.

Nasjonale ekspertar i EU

Gjennom EØS-avtalen har Noreg forplikta seg til å sende nasjonale ekspertar til EU. Frå 2006 har alle utdanningsekspertane hatt SIU som norsk arbeidsgivar. Tre nye ekspertar blei rekrutterte, to til

EU-kommisjonen og éin til Cedefop. Per 31.12.2006 er fire utdanningseksperter i funksjon.

Nasjonalt program for utvikling, forskning og utdanning (NUFU)

I januar 2006 signerte Norad og SIU ein ny avtale for NUFU-programmet. Den økonomiske ramma for avtalen er NOK 300 mill. for perioden 2007–2011. Nytt programstyre for NUFU-programmet blei oppnemnt av SIUs styre i mars 2006. Etter ein grundig prosess med innhenting av eksterne evalueringar og institusjonelle vurderingar løyvde programstyret i november midlar til 52 samarbeidsprosjekt mellom institusjonar i Sør og norske institusjonar.

Norads kulturutdanningsprogram

Avtale og programdokument for ein ny programperiode av Norads kulturutdanningsprogram blei ferdigstilt og signert i februar 2006. Basert på innspel frå Norad og faglege råd frå oppnemnd fagfellegruppe løyvde Programstyret for stipendprogrammer forvaltet av SIU i juni midlar til sju samarbeidsprosjekt mellom institusjonar i Sør og norske institusjonar. Samla allokering for programperioden 2006-2008/09 er i underkant av NOK 13 mill.

Norads program for masterstudier (NOMA)

Etter ei omfattande evaluering blei det i 2006 klart at Norads stipendprogram er erstatta av det nye NOMA-programmet, og ein avtale mellom Norad og SIU for det nye programmet blei signert i april 2006. Programstyre for NOMA blei oppnemnt av SIUs styre i juni 2006. I desember løyvde programstyret midlar til 17 ulike masterprogram som utdanningsinstitusjonar i elleve land i Sør skal gjennomføre saman med partnerar i Noreg.

Nordplus

Saman med Noregs forskingsråd har SIU i inneverande periode vore nasjonal ansvarleg for informasjon og rettleiing på Nordplus for høgare utdanning og Nordplus Junior. Arbeidet har medført deltaking i søknadsvurdering, på seminar og møte samt rettleiing til norske institusjonar og skular i søknadsprosessen. SIU har også vore med på å utforme dei nye programma som skal gjelde frå 2008.

Noregskunnskap ved høgare lærestader i utlandet

SIU overtok administrasjonen av noregskunnskap ved høgare lærestader i utlandet frå og med 1.1.2006. Om lag 140 lærestader tilbyr undervisning i norsk, og 30 lektorar i utlandet får bustadstilskot og andre støtteordningar frå Noreg. I 2006 har SIU arbeid med å standardisere bustadstilskota, innført elektroniske rutinar på søknader og rapportering og begynt arbeidet med å etablere ei ny nettbasert forvaltningsteneste.

Pestalozzi-programmet

SIU overtok i 2006 det administrative ansvaret frå Utdanningsdirektoratet for Pestalozzi-programmet i Noreg. Pestalozzi-programmet er ei ordning i regi av Europarådet som gir lærarar og andre tilsette i skulen tilbod om å delta på kurs i medlemslanda til Europarådet. Hausten 2006 deltok norske lærarar på etterutdanningskurs i Storbritannia, Polen, Italia og Frankrike.

Russland

2006 har vore siste året for dei tolv prosjekta som har motteke stønad frå samarbeidsprogrammet med Russland om forskning og

høgare utdanning. Samarbeidet har omfatta ei rekke fagområde, og 44 studentar og forskarar har teke del i eit særskilt mobilitetsprogram. Det har vore avslutningskonferansar i Noreg og Russland.

Samarbeidsavtale med Pakistan

SIU skreiv i 2006 under ein avtale med Pakistan Higher Education Commission (HEC) om plassering av søkarar med pakistansk statsstipend til PhD i Noreg. I samband med dette har ein arbeidd med å utvikle rutinar for formidling av kandidatar til norske institusjonar. Noreg var for første gong med i utlysinga hausten 2006, med sikte på opptak i 2007.

Samarbeidsavtale mellom den norske ambassaden i Tanzania og SIU

I januar 2006 blei det signert ein avtale mellom Utanriksdepartementet, representert ved den norske ambassaden i Dar es Salaam, og SIU med det formål å betre kvaliteten, relevansen og resultatene av den norske støtta til utvalde universitet i Tanzania. I desember 2006 arrangerte SIU eit seminar for universiteta som er omfatta av samarbeidet, og ein presenterte og drøfte her forslag til nytt rammeverk for rapporteringsrutinar og oppfølging av ambassaden si støtte til institusjonane.

Stipendordning Sør-Afrika

Formålet med dette programmet er å styrke og utvide eksisterande samarbeid mellom institusjonar for høgare utdanning i Sør-Afrika og Noreg ved å stimulere til studentutveksling på område som er av felles interesse og relevans. Stipendordninga er finansiert av Norad og skal finansiere stipend for sørafrikanske studentar som vil ta kurs på mastergradsnivå i Noreg. Programperioden i pilotfasen er 2006-2007, og dei første studentane blei tekne opp våren 2006.

Sør-Kaukasus og Sentral-Asia

Fem samarbeidsprosjekt mellom norske institusjonar og partnerar i land i Sør-Kaukasus og Sentral-Asia fekk i 2006 stønad til prosjektutvikling på fagområde som språk, studium knytte til oljenæringa og økonomi/turisme. Fire av dei fekk deretter midlar til ein pilotfase for samarbeidet, som omfattar Georgia, Aserbajdsjan, Kirgisistan og Kasakhstan.

Tilleggsstipendordninga

Studentar ved særleg dyre og kvalitetstunge utdanningar i utlandet kan få tilleggsstipend. SIU har utarbeidd ei liste over institusjonar som kvalifiserer for tilleggsstipend. Studentar kan søke inn fag og utdanningar som supplement. SIU gjorde i meldingsåret eit omfattande arbeid med å kvalitetssikre utdanningar. Kunnskapsdepartementet godkjende 21 av 66 søknader om godkjenning. I tillegg blei åtte heile institusjonar i Storbritannia lagde til lista.

Vest-Balkan

I samband med oppstart av Vest-Balkan-programmet mottok og handsama SIU og Noregs forskingsråd i alt 80 søknader om prosjektsamarbeid om forskning og høgare utdanning. 17 av prosjekta fekk stønad for perioden 2006–2009. Høgskular, universitet og forskingsinstitusjonar deltek i samarbeid med partnerar på Vest-Balkan.

Nøkkeltal 2006

Driftsinntekter	44 374
Driftskostnader	46 061
Ordinært driftsresultat	-1 687
Ekstraordinære kostnader	241
Resultat etter ekstraordinære poster	-1928*

* Kommentarer frå leiinga (utdrag)

SIU har per 31.12.06 eit meirforbruk på løyvingfinansiert verksemd på 1,9 mill kr.

Meirforbruket i 2006 på grunnløyvinga og administrasjon Sokrates vil bli dekt inn i 2007.

Meirforbruket er fordelt på tre forskjellige prosjekt/ oppgåver som følger:

Grunnløyving	903 550
Administrasjon, Sokrates	848 925
Nasjonale ekspertar	175 364

Oversikt over avtaler per 1.1.2007 (mill kr)

Kunnskapsdepartementet	74,5
Utanriksdepartementet	23,9
Norad	152
Nordisk ministerråd	5
Sum programdrift/avtaler	255,4

Balanse pr.: 31.12.2006

EIGENDELAR	31.12.06	31.12.05
A. Anleggsmiddel		
Sum anleggsmiddel	0	0
B. Omløpsmiddel		
Sum omløpsmiddel	0	0
II Fordringar		
Kundefordringar	1 121	890
Mellomværende Finans	0	14 050
Andre fordringar	1 440	133
Opptjente tilskot		176 254
Sum fordringar	2 561	191 327
III Kasse og bank		
Bankinnskot	48 585	
Eurokonto	6 346	2 827
Eurokonto (skuldig EU kommisjonen)	-6 346	-2 827
Sum kasse og bank	48 585	0
Sum omløpsmiddel	51 146	191 327
Sum eigendelar	51 146	191 327

VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD	31.12.06	31.12.05
C. Verksemdskapital		
Sum verksemdskapital	0	0
D. Gjeld		
I Sum avsetning for langsiktige skyldnader	0	0
II Sum anna langsiktig gjeld	0	0
III Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	6 658	44
Skyldig skattetrekk	1 015	851
Skyldige offentlege avgifter	847	73
Avsette feriepengar	2 063	
Forskot frå kundar (prg.middel)	40 733	188 629
Forskot frå kundar (adm.middel)	1 346	1 731
Avsett del av ubrukt løyving		
Ubrukte tilskot		
Anna kortsiktig gjeld	411	
Sum kortsiktig gjeld	53 074	191 327
IV Avrekning med statskassa / Avsetning for skyldnader		
Avsetning for skyldnader (nettobudsjetterte)	-1 928	
Sum	-1 928	0
Sum gjeld	51 146	191 327
Sum verksemdskapital og gjeld	51 146	191 327

SIUs portefølje for utviklingssamarbeid

SIU forvaltar fleire program for utdanning og forskning innanfor området utviklingssamarbeid. Både samla og kvar for seg bidreg desse programma til å oppfylle hovudmålsettinga for norsk støtte til høgare utdanning og forskning i utviklingsland.

Hovudmålsettinga for norsk bistand til høgare utdanning og forskning er å styrke kunnskaps-utviklinga til utviklingslanda og evna deira til å drive eiga forskning, dekke nasjonale undervisningsbehov og få oversikt over eigen nasjonal og internasjonal forskingsbasert kunnskap. Auka kapasitet i høgare utdanning vil seie auka tilgang på kvalifiserte medarbeidarar i sektoren. I forskning tyder auka kapasitet at forskarar utviklar kompetansen sin gjennom å ta master- og doktorgrad, gjennom forskingssamarbeid og gjennom å få tilgang på regionale og internasjonale kunnskapsnettverk innanfor vitskap og teknologi.

Støtta til høgare utdanning og forskning i Sør blir i dag finansiert over fleire kapittel og postar i statsbudsjettet. Den bilaterale støtta til høgare utdanning og forskning blir kanalisert gjennom fleire institusjonar. Norad administrerer den såkalla forskingsløyvinga, der SIU og Noregs forskingsråd (NFR) er sentrale samarbeidspartnarar. I tillegg støttar ambassadane i utviklingslanda området på nasjonalt og regionalt nivå med dei midlane dei har.

Prioritering av universiteta

Universiteta er hovudfokus for norsk forskingssamarbeid med utviklingsland. I mange utviklingsland er universiteta reine læringsinstitusjonar, utan særlege midlar eller tid til å drive eiga forskning. Samstundes er det ofte universiteta som står for utdanninga av helsepersonell, ingeniørar, lærarar og andre profesjonsarbeidarar som er viktige i utviklinga av samfunnssektorar som helse, miljø og utdanning.

Gjennom NUFU-programmet, NOMA-programmet og Norads kulturutdanningsprogram bidreg norske midlar til å byggje kapasitet ved universitet i utviklingsland på fleire nivå:

- Ved å medverke til å utvikle kompetansen til dei tilsette gjennom doktor- og mastergrader
- Ved å medverke til at undervisningspersonalet utviklar kapasitet til å drive eiga forskning
- Ved å medverke til å utvikle gode administrative og tekniske system

Programma som SIU forvaltar, er ikkje fullfinansierte gjennom bistandsmidlar. Sektoren sjølv bidreg finansielt i stor grad, både i utviklingslanda og i Noreg, og det er viktig å merke seg den økonomiske innsatsen i form av lønsmidlar og infrastrukturelle investeringar som institusjonane sjølve legg inn i programma.

Utfordringar framover

For SIU blir det viktig å dokumentere resultatane ein når gjennom programma som vi forvaltar, og å setje det inn i ein breiare samanheng for norsk utviklingspolitikk. For å framover blir dette utfordringar som må løysast i nært samarbeid med institusjonane som får tildelt midlar i NUFU-programmet, NOMA-programmet, Norads kulturutdanningsprogram og andre program, ordningar og avtalar som SIU forvaltar på vegner av norske styresmakter.




Deltaking i EU-programma

– ein viktig del av norsk utdanningspolitikk

EUs nye program for livslang læring legg vekt på samspelet mellom utdanningssektorane. Programmet speglar eit moderne syn på læring som ein prosess som varer livet ut og gir viktige bidrag til økonomisk utvikling og sosial utjamning.

Noreg har teke del i EUs utdanningsprogram sidan 1992, då vi kom med i Erasmus-programmet for høgare utdanning. I 1995 oppretta EU dei to store utdannings- og opplæringsprogramma Sokrates, som tok opp i seg Erasmus, og Leonardo da Vinci. Sokrates, med mellom anna underprogramma Comenius, Erasmus og Grundtvig (frå 2000), dekte barnehage, grunnskule og vidaregåande skule, høgare utdanning og vaksenopplæring, medan Leonardo da Vinci tok føre seg fag- og profesjonsopplæringa med særleg vekt på praksisopphald i arbeidslivet og samarbeid mellom utdanningssektoren og næringslivet. Frå 2007 er desse to programma slegne saman til eitt stort program for livslang læring (LLP) der dei tidlegare programma blir vidareførte og -utvikla.



I tråd med ønske frå EU-kommisjonen og programmets innretning avgjorde styresmaktene at programadministrasjonen i Noreg skulle samlast i eitt kontor, nemleg SIU. I 2007 kjem om lag 75 millionar kroner til å bli delte ut frå dei SIU-administrerte EU-programma til norske deltakarar i barnehagar, skular, universitet og høgskular, opplæringskontor, bedrifter og tilbydarar av vaksenopplæring – for å nemne nokre av dei viktigaste. I tillegg kjem norske deltakarar til å kunne søke på midlar i dei sentralt styrte tiltaka i programmet. Beløpet er venta å auke år for år fram til 2013, som er sluttåret for den første generasjonen av LLP.

Som nasjonalkontor for fleire EU-program i over ti år har SIU opparbeidd mykje kunnskap om kva resultat ein kan oppnå, og kva verknader det kan gi å vere med i programma. Tilbakemeldingane frå deltakarane er svært positive; det internasjonale samarbeidet set eiga undervisning og læring i perspektiv og gir gevinstar som auka kulturell forståing, betre språkkunnskapar og auka motivering for læring. Ein studie som SIU har gjennomført, viser til dømes at meirverdien av internasjonal deltaking i Comenius-prosjekt gir motivasjon og meining langt utover planlagde læringsmål.

Internasjonal dimensjon til nasjonale prosessar

I ei tid der dei økonomiske, kulturelle og sosiale utfordringane står i kø for eit Europa som skal skape ein ny identitet etter utvidingane av unionen, spelar utdanning ei stadig viktigare rolle. I EUs strategi for vekst og sysselsetting (Lisboa-prosessen) har utdanning ei nøkkelrolle, og behovet for å reformere dei nasjonale utdannings-

systema blir framheva. Her er LLP eit viktig verktøy for å lette mobiliteten og samarbeidet over landegrensene og bidra til å gi nasjonale reformprosessar ein europeisk og internasjonal dimensjon.

I Noreg er det tverrpolitisk semje om at vi skal delta i EUs utdanningsprogram, og nettopp samanhengen mellom programdeltakinga og reformprosessar blir oppgitt som ein av dei viktigaste grunnane. Internasjonalisering av norsk utdanning er ein integrert del av norsk utdanningspolitikk på alle nivå, og kunnskapsministeren uttalte sommaren 2006 at det å delta i programmet for livslang læring er eit viktig verkemiddel i gjennomføring av nasjonal politikk.

Eit døme på korleis programma kan samspele med nasjonale prioriteringar, er SIUs internasjonale Comenius-kontaktseminar om matematikkopplæring på mellomtrinnet, som blei halde i oktober. Seminaret samla over 40 deltakarar frå tolv land og blei arrangert i lag med Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa ved NTNU. Hausten 2007 arrangerer SIU eit kontaktseminar om leseugleik, då i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning ved Universitetet i Stavanger.

Auka kompetanse i alle lag av befolkninga

Tettare samarbeid mellom utdanning og næringsliv er ei viktig prioritering både nasjonalt og i Europa, og i Erasmus-programmet blir det viktig å auke talet på såkalla praksisutplasseringar for studentane. Vinteren 2006 arrangerte SIU ein konferanse om samarbeid mellom næringsliv og høgare utdanning som ein

del av eit større europeisk prosjekt om auka studentmobilitet der SIU deltok i styringsgruppa. Konferansen blei arrangert i lag med vårt finske søsterkontor CIMO, gjekk av stabelen i Helsinki og samla nærare 100 deltakarar frå rundt 20 land.

Den norske kompetansereforma frå slutten av 1990-talet markerte ei satsing på etter- og vidareutdanning og på kompetanseheving i den vaksne delen av befolkninga. Reforma var ei erkjenning av at livslang læring er viktig, og at auka kompetanse i alle lag er avgjerande for ei sterk økonomisk utvikling med sosial inkludering. EUs "Memorandum on Lifelong Learning", som kom i november 2006, uttrykker mange av dei same tankane. I november arrangerte SIU ein konferanse om vaksnes læring på tvers av landegrensar. Innanfor Leonardo- og Grundtvig-programma er mange prosjekt sette ut i livet der inkludering av marginaliserte grupper, til dømes etniske minoritetar eller innsette i fengsel, står sentralt. Særleg på det sistnemnde feltet har norske miljø gjort seg gjeldande internasjonalt.

Stort samanfall mellom norske og europeiske prioriteringar

Kvalitetsreforma i høgare utdanning blei sett i verk frå og med studieåret 2003/2004. Ho har ofte blitt omtalt som det norske svaret på Bologna-prosessen, den mellomstatlege prosessen som skal byggje ned stengsla mellom dei ulike systema for høgare utdanning i Europa. Auka internasjonalisering er ein hjørnestein i reforma, og tilrettelagd studentutveksling er ein rett alle studentar no har fått. Ei slik vektlegging av internasjonalisering, og særleg mobilitet, som eit kvalitetskriterium hadde vore utenkeleg utan norsk deltaking i Erasmus. Årleg tek over 160 000 studentar del i Erasmus-programmet, eit tal som skal aukast til over 250 000 mot slutten av den første perioden for LLP. Noreg har hatt ein sterk auke i Erasmus-mobiliteten dei siste åra, og vi gir såleis vårt bidrag til å nå dei ambisiøse måla. 2006 var det beste året nokosinne for både student- og lærarmobilitet.

I Kunnskapsløftet, som omfattar grunnskule og vidaregåande opplæring, er det også stort samanfall mellom nasjonale og europeiske prioriteringar. Comenius-programmet er her ein reiskap for samarbeid, og i fag- og yrkesopplæringa speler Leonardo da Vinci ei viktig rolle. I Noreg er undervisninga i skulen og opplæringa i verksemdene likestilte for dei yrkesfaglege studieretningane. For lærlingar er Leonardo



da Vinci eit godt tilbod om å få internasjonal erfaring. Ein lærer nye ting om eige fag, og samstundes får ein innblikk i korleis arbeidslivet fungerer i eit anna land. I eit Europa der arbeidsmobilitet over landegrensene blir stadig meir vanleg, er slik erfaring særst viktig.

Programmet for livslang læring byr på mange moglegheiter og utfordringar. For oss i SIU er den kanskje viktigaste oppgåva å oppnå best mogleg norsk deltaking. Det er ei oppgåve vi allereie har tatt fatt på.



Internasjonal profilering av Noreg som studie- og forskingsland: Hovudsatsing i 2006

SIU har nasjonalt ansvar for å profilere Noreg som studie- og forskingsland i utlandet. I samarbeid med utdannings- og forskingssektoren skal SIU arbeide for å skape eit godt omdømme for Noreg som kunnskapsnasjon, slik at fleire studentar, forskarar og fagleg tilsette frå heile verda finn vegen hit. Viktige satsingsland i 2006 var Tyskland, Frankrike, USA og Canada.

Look up – Study in Norway

Look up – Study in Norway er merkevara som er utvikla for å skape eit godt internasjonalt omdømme for Noreg som kunnskapsnasjon. Konseptet byggjer på omgrepa studium og opplevingar og har som mål å spegle den heilskaplege opplevinga ved å studere og bu i Noreg. Nettportalen www.studyinnorway.no, som blei lansert i oktober 2005, er eit viktig instrument i omdømmestrategien. Ein sentral del av profileringsarbeidet er derfor å gjere www.studyinnorway.no kjend ved institusjonane her heime og å få andre til å lage peikarar til portalen. SiU har mellom anna etablert eit nært samarbeid med Utanriksdepartementet (Norgesportalen) og Forskringsrådet (mobilitetsportalen ERA) og arbeider med å få

andre relevante studentportalar til å lenke opp til Study in Norway, slik at portalen blir gjort kjend internasjonalt. Talet på unike besøk på portalen blei dobla frå januar 2006 til januar 2007.

Publikasjonar

Publikasjonen Guide to Higher Education in Norway blei trykt opp i 5000 nye eksemplar. Brosjyren blei òg omsett til fransk. I tillegg blei publikasjonen A Brief Guide to Living in Norway ferdigstilt og trykt i to opplag før desember 2006. Ny utgåve av Masterkatalogen var på lufta i desember 2006. Han inneheld informasjon om 200 mastergradsprogram som det blir undervist i på engelsk ved norske universitet og høgskular.

Messer og konferansar

Gjennom konkrete profileringstiltak skal SIU hjelpe institusjonane med å fremje eigne studie- og forskingstilbod internasjonalt. Det gjer vi mellom anna ved å delta på internasjonale konferansar og messer. SIU deltok på NAFSA-konferansen i Montreal og på EAIE-konferansen i Basel i 2006 med nasjonal ”Study in Norway”-stand. I samband med satsinga mot Tyskland deltok SIU for første gong på studentmessa StudyWorld i Berlin i mai 2006. Frankrike-satsinga blei mellom anna gjort synleg gjennom eit bilateralt kontaktseminar mellom franske og norske institusjonar som blei arrangert i Paris i mai 2006.

Kommunikasjon – ein del av kjerneverksemda

2006 var prega av stor møteaktivitet, produksjon av mange trykksakar og mykje arbeid med nylansering av www.siu.no.

Nettbasert informasjon har ein sentral plass i informasjonsarbeidet til SIU. Utvikling av nye nettsider med ei klår målgruppeorientering fekk derfor stor prioritet gjennom heile 2006. Dei nye nettsidene blei lanserte like over nyttår 2007. Her er både design og innhald meir tidsriktig og, ikkje minst, betre tilpassa brukarane sine krav.

I tillegg til årsmelding, ulike rapportar og andre publikasjonar, gav SIU mellom anna ut brosjyrer om Norads program for masterstudier (NOMA), NUFU-programmet og Pestalozzi-programmet. Global Knowledge kom ut med to nummer der temaa var ”Peace and War” og ”Human Rights”. Publikasjonane Itinera og Europa-vegen kom ut med éi utgåve kvar.

Kompetansebygging

SIU har ansvar for å byggje kompetanse for å fremje internasjonalt samarbeid i utdannings- og forskingssektoren. Resultatet av dette arbeidet kan ikkje målast år for år, men må sjåast i eit langsiktig perspektiv. 2006 var eit aktivt år der SIU gjennomførte mange målretta aktivitetar for å fremje kompetanse – først og fremst i sektoren, men òg blant SIUs eigne medarbeidarar.

Ei rekke seminar knytte til programverksemda er gjennomførte i løpet av året, mellom anna i programma NUFU, NOMA, Comenius, Grundtvig og Erasmus. SIU har delteke på fleire interne seminar ved institusjonane og besøkt mange av institusjonane. SIU har også hatt besøk frå fleire institusjonar. I tida 2. til 7. september gjennomførte SIU kurs i Leipzig for tilsette ved norske utdanningsinstitusjonar om utviklinga innanfor tysk høgare utdanning. Medarbeidarar frå SIU har vore foredragshaldarar på mange seminar og konferansar, både internasjonalt og i Noreg.

SIU prioriterer høgt å heve kompetansen blant eigne medarbeidarar, både individuelt og på gruppenivå. Eit viktig tiltak i denne samanhengen er Fagleg forum, der eksterne og interne foredragshaldarar informerer om relevante faglege tema.

Rådgiving, utgreiing og service

Som nasjonalt kompetansesenter legg SIU stor vekt på rådgiving, utgreiing og service. Det omfattar heile organisasjonen til SIU, men utgreiingsgruppa står særleg sentralt.

SIU har i 2006 sett i gang ei særskild satsing på Nord-Amerika, og mot slutten av året blei det utarbeidd ein handlingsplan for å vidareføre denne satsinga i 2007. I 2006 blei det mellom anna gjennomført kontaktseminar i samarbeid med den norske ambassaden i Ottawa, og SIU deltok på forskingsdagane i Washington D.C.

SIUs kompetanse om Kina er styrkt i løpet av året. Eit notat med tilrådingar er sendt over til Kunnskapsdepartementet, og vidare analysearbeid er i gang. Fleire delegasjonar frå Kina har besøkt SIU, og SIU har vore med på tre konferansar i Kina i 2006.

SIU har frå september 2006 hatt nær ei full stilling til arbeid med stipendfonda i EØS-avtalen. Mykje informasjon er utarbeidd og distribuert, og fleire møte og seminar er gjennomførte.


I løpet av året sette SIU i gang eit systematisk arbeid for å samle og systematisere mobilitetsdata. Målet er å gi eit betre grunnlag for å jobbe systematisk med internasjonalisering av utdanning både på institusjonelt og nasjonalt nivå.

Organisasjon

Ved inngangen til 2006 hadde SIU 39 faste og mellombels tilsette i administrasjonen. Ved slutten av året var talet opp i 45.

Endringane er knytte til EU-program og programdrift for Norad. I tillegg er det tilsett ein personalkonsulent og ein profileringsansvarleg. Frå 1. januar 2007 tek SIU over ansvaret for EU-programmet Leonardo da Vinci frå Teknologisk institutt (TI), som har administrert programmet fram til no. Det fører òg med seg fleire nye stillingar.

SIU er ein kunnskapsorganisasjon med eit høgt utdanningsnivå og ei rekke fagretningar representert. Til saman meistrar medarbeidarane 17 språk, utanom norsk og engelsk. 69 prosent av dei tilsette i SIU var kvinner ved utgangen av 2006.





SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØYERE UTDANNING
TLF: 55 30 88 00 FAKS: 55 30 88 01 E-POST: SIU@SIU.NO
ADRESSE: POSTBOKS 7800, 5020 BERGEN
BESØKSADRESSE: VASKERELVEN 39, 5014 BERGEN WWW.SIU.NO

